

Osterøy Ferjeselskap AS

Dato: 18.08.2015  
Vår ref.: 2015/4697-5  
Saksbehandlar: torrods  
Dykkar ref.:

## Søknad frå Osterøy Ferjeselskap AS om tilskot til ferjesambandet Breistein - Valestrand

Vi viser til dykkar epost av 15.04.15 med søknad om tilskot til drift av ferjesambandet Breistein – Valestrand.

Fylkesutvalet gjorde i møte 18.06.15 følgjande **vedtak** i saka:

Fylkesutvalet stadfester vedtaket av 28.08.12 i sak 195/12.

### Grunngjeving:

Fylkesutvalet har tidlegare kome til at det ikkje er grunnlag for å ta ferjesambandet opp som eit fylkeskommunalt tilskotssamband når det vert gratis å passere Osterøybrua, men har gjeve tilslutnad til ei skisse til nytt bussrutetilbod på Osterøy ved eit eventuelt opphøyr av ferjedrifta. Denne samsvarar med den vedtekte kollektivstrategiplanen. Fylkesrådmannen er ikkje kjent med nye tilhøve som gjev grunnlag for å endre vedtaket som blei gjort i sak 195/12.

Vedtaket i sak 195/12 lyder som følgjer:

1. Fylkesutvalet finn ikkje grunnlag for å ta ferjesambandet Valestrand-Breistein opp som eit fylkeskommunalt ferjesamband når bompengeskortinga på Osterøybrua fell vekk.
2. Dersom ferjesambandet vert lagt ned, godkjenner fylkesutvalet eit bussruteopplegg for Osterøy i tråd med det som er skissert i saka.

Fylkesutvalet sitt vedtak av 18.06.15 inneber at søknaden dykkar av 15.04.15 om tilskot ikkje vert imøtekomen.

### Klageadgong:

Vedtaket kan påklagast av ein part eller annan med rettsleg klageinteresse i saka. Fristen for å klage er 3 veker frå det tidspunkt underretning om vedtaket er kome fram. For den som ikkje har motteke underretning om vedtaket, løper fristen frå det tidspunkt ho har fått eller burde ha skaffa seg kjennskap til vedtaket. Klageinstans er den fylkeskommunale klagenemnda. Underinstans er fylkesutvalet. Ein eventuell klage må setjast fram for Hordaland fylkeskommune ved samferdselsavdelinga. Klagen må vere underteikna, nemne det vedtak som det klagast over og nemne den endring som ønskjast i det vedtak det klagast over. Ein part har, med visse unntak, rett til å gjere seg kjent med dokumenta i saka. Eit eventuelt søksmål om

gyldigheiten av vedtaket eller krav om erstatning som følgje av vedtaket kan ikkje reisast utan at parten har nytta sin adgang til å klage over vedtaket. Samferdselsavdelinga vil gje nærmare opplysningar om klageadgongen og framgangsmåte ved klage

Ruteløyvet dykkar gjeld som tidlegare.

Vi seier oss lei for at meldinga om vedtaket, av omsyn til reglane i forvaltningslova og ferieavviklinga, kjem seinare enn normal sakshandsamingstid.

Rolf Rosenlund  
seksjonsleiar

Tor Harald Rødseth  
Seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

## Saksprotokoll i fylkesutvalet - 18.06.2015

**Aud Karin Oen** sette fram slikt forslag:

1. "Fylkesutvalet er positiv til at folkeferjeselskapet Osterøy Ferjeselskap har bidrege til mindre biltrafikk på E16.
2. Administrasjonen får fullmakt til å forhandle fram ein avtale om støtte til selskapet med sikte på at sambandet vert økonomisk berekraftig også etter at bompengane på brua vert avvikla."

### Røysting

Innstillinga vart vedteken med 13 røyster mot 2 røyster (SV, KrF) for Oen sitt forslag.

### Vedtak

Fylkesutvalet stadfestar vedtaket av 28.08.2012 i sak 195/12.